



Lokalt arbeid med elevundersøkinga Orre skule

Før gjennomføringa

Rektor har møte med elevrådet og diskuterer sist års resultat og dei tiltaka ein kom fram til sist år. Korleis har tiltaka fungert? Er det noko som ikkje har fungert? Er det nokre av tiltaka ein ikkje har gjennomført etter planen?

Rektor og elevråd gjennomgår spørsmåla i årets undersøking. Kva for spørsmål er vanskelege? Kva for spørsmål er lette å forstå? Kva for spørsmål må ein forklare høgt i klasserommet? Er det nokre klassar ein bør lese alle spørsmåla høgt for?

Rektor og elevrådsrepresentant førebur undersøkinga i lag i klassane. Forklarar dei spørsmåla ein tenkjer kan vere vanskelege å forstå. Snakkar om formålet med undersøkinga, og om dei tiltaka ein har gjennomført etter sist års undersøking.

Rektor og elevråd blir samde om dato til felles etterarbeid

Rektor informerer FAU og personalet om dato, finn representantar for foreldre og personalet.

Etter gjennomføring

Rektor analyserer resultatata opp mot tidlegare år. Legg desse fram for elevrådet. Elevrådet presenterer resultatata i klassane. Klassane har gruppearbeid det dei ser på resultatata, og der klassen i kommer fram til kva område klassen er nøgde med og kva resultat dei vil forbetre. Klassen vel ut representantar til felles etterarbeid, og sender inn dei områda ein vil forbetre til rektor.

Rektor leiår same prosess blant lærarane.

Etterarbeid

Elevar, lærarar og foreldre har ein ettermiddag/kveld i lag der ein arbeider med resultatata. Arbeidet er organisert i grupper. Ut i frå dei innspela som har kome frå klassane, kjem ein fram til kva område skulen vil arbeide med i fellesskap. Ein kjem så fram til kva tiltak ein skal sette inn for å betre resultatata.

Rektor leiår ein prosess i personalet i etterkant, der lærarane arbeidar med korleis ein skal få dette synleggjort i klasseromma.

